

Saksutgreiing:

FORSLAG OM EFFEKTIVISERING AV LOKAL STRUKTUR TIL SØR-VEST POLITIDISTRIKT – HØYRING.

Vedlegg:

Brev frå politimesteren til fylkesmenn og fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Agder.

Politimesteren sitt høyringsbrev til kommunane

Annan informasjon

Samfunnssikkerhet i framtiden. Samvirkestrategi for styrking av samfunnssikkerhetsmiljøet i Sørvest. Vedtatt i fylkestinget 20. oktober 2015.

1. Bakgrunn:

Den såkalla nærpolitireforma blei vedtatt av Stortinget i juni 2015. Sidan då har Politidirektoratet jobba med å gjennomføra reformen.

Det grunnleggjande løftet i politireforma er at fleire ressursar skal gå til å førebyggja kriminalitet, og i distrikta. Eit av hovudmåla er å sikre nærleiken av eit kompetent og effektivt lokalt nærpoliti, der befolkninga bur, og samstundes utvikla gode fagmiljø som er rusta til å møte dagens og morgondagens utfordringar innan kriminalitet.

Det heiter at minst 90 prosent av innbyggjarane i eit politidistrikt skal ha maksimalt 45 minutt kjøretid til næraste lensmannskontor eller politistasjon. Talet på politidistrikt blir redusert frå 27 til 12. Det er forslag om å kutte talet på lensmannskontor og politistasjonar i landet frå 340 til 177.

Tidlegare Rogaland og Sunnhordaland politidistrikt heiter no Sør-Vest politidistrikt. Politimesteren i Sør - Vest politidistrikt, Hans Vik, legg fram eit forslag til ny struktur og organisering av politiet. Han deler strukturen i driftseining, tenesteeiningar, (det same som lensmansdistrikt eller politistasjonsdistrikt) tenestestader (det same som lensmannskontor/politikontor) og politikontakt.

2. Problemstilling:

Fylkesutvalet må vurdere kva forslaget tyder for dei overordna måla i regional- og distriktspolitikken:

Å oppretthalda hovudtrekka i busettingsmønsteret

Ta i bruk dei menneskelege og naturgitte ressursane i heile landet/fylket for ein størst mogleg verdiskaping

Å sikre likeverdige levekår.

3. Saksopplysingar:

Politimesteren seier det viktigaste spørsmålet i høyringa er: *Hvordan best effektivisere og organisere tjenesteenhetene og tjenstestedene i politidistriktet slik at befolkningen får et bedre polititilbud etter at reformen er gjennomført.*

Poltimesteren foreslår å leggja ned 15 lensmannskontor. Lenmannskontora blir enten erstatta med ein politikontakt eller lenmannskontoret overførast til eit meir sentralt politikontor. Ein politikontakt er ein tenesteperson med politimynde.

- Eigersund, Bjerkreim, Sokndal, Lund og Sirdal blir slått saman til Eigersund politistasjon med politikontor i Lund og Sirdal. Bjerkreim og Sirdal får politikontakt.
- Klepp, Time og Hå blir slått saman til Jæren lennsmannsdistrikt med kontor på Bryne. Klepp og Hå får politikontaktar.
- Gjesdal, Sola og Sandnes blir slått saman til Sandnes politistasjon med administrasjonsstad i politihuset i Sandnes.
- Randaberg blir slått saman med Stavanger.
- Lenmannskontora Strand, Forsand og Hjelmeland blir slått saman med kontor på Jørpeland.
- Sauda og Suldal blir slått saman til Sauda og Suldal lennsmannsdistrikt med administrasjonskontor i Sauda og politikontor i Suldal.
- Haugesund, Sveio og Tysvær blir slått saman til Haugesund politistasjon med kontor i Haugesund.
- Etne og Vindafjord blir slått saman til Etne og Vindafjord lennsmannsdistrikt med kontor i Vindafjord/Ølen.
- Karmøy og Utstira blir eit lennsmannsdistrikt med kontor i Koparvik.

4. Fylkesrådmannen sine vurderingar:

Det er eit overordna mål i regional- og distriktpolitikken at heile landet skal ha same velferdsnivå med trygge og likeverdige levekår for alle innbyggjarane.

Det inneber at alle innbyggjarane skal oppleva at dei får same tilbod om polititjeneste med same kvalitet, uavhengig av kvar dei bur i Rogaland. Det må innebera at spesialkompetanse innan førebygging og etterforsking er tilgjengeleg i alle kommunane i heile Rogaland 24 timar i døgnet.

Oppfyller politimesteren sitt forslag til struktur og organisering dette?

Fylkesrådmannen meiner det gjer det. Sjølv om nokre lennsmannskontor blir lagt ned/slått saman med andre, skal det vera ei ordning med politikontakt i alle kommunane. Desse har tilgong på spesialkompetanse heile døgeret.

Politireforma kan oppfattast som ei sentraliseringsreform som tappar distrikta for viktige kompetansesarbeidsplassar. Dette må vektast opp mot at politireforma gjer at distrikta får tilgong på spesialkompetanse som ikkje fleirtalet av lennsmannskontora har i dag.

Forslag til vedtak:

Fylkesutvalet sine tar saka til orientering.

Trond Nerdal
Fylkesrådmann

Norvald Skretting
nærings sjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.